



TENESTEKRITERIER

Fjaler kommune Bistand og omsorg

Kommunestyresak 090/2018

TILDELING AV HELSE- OG OMSORGSTENESTER I FJALER KOMMUNE

Mottakskontoret held til i andre etasje på Helsetunet i Dale og er saman med aktuell lagleiar ansvarlege for handsaming av søknadar og rettferdig tildeling av tenester. Mottakskontoret er koordinerande eining for brukarar med samansette og langvarige behov for tenester, og tilbyr rettleiing til brukarar og pårørande.

Sakshandsaminga skal utøvast etter gjeldande lover og forskrifter, og brukarmedverknad står sentralt i denne prosessen.

- Første kontakt: Alle som meiner at dei sjølv eller nokon annan har eit behov for helse- og omsorgstenester kan ta kontakt med mottakskontoret for å søkje om slik hjelp. Søknaden bør vere skriftleg og om ønskjeleg kan søkjaren få hjelp til å utforme den. Alle søknadar skal handsamast så raskt som mogeleg og innan rimeleg tid. Dersom svar ikkje kan gjevast innan fire veker, skal søkjar ha grunngeving for dette gjennom førebels svar.
- Utgreiinga: Kommunen skal gjere ei utgreiing av alle søknadar. Kommunen skal oppnemne ein sakshandsamar som har ansvar for saka til den er ferdig handsama.
- Saksframlegg og vedtak vert utarbeidd av sakshandsamar og skal vere skriftleg. Både innhald og form vert regulert av lover og forskrifter. Teneste og omfang skal komme klart fram i vedtaket. Vedtak skal innehalde grunngeving for tildeling av teneste. I vedtaket skal det også gå fram kva lover og paragrafar som ligg til grunn. Opplysning om rett til å klage, samt tidsfristar skal også vere med. Dersom vedtaket ikkje vert påklaga er det endeleg og gjeld til det oppstår ei endring i situasjonen eller til ei eventuell tidsramme for vedtaket er nådd.
- Høve til å klage: Søkjar har rett til å klage på vedtak om teneste. Frist for klage er tre veker frå søkjar mottok vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29. Om vedkomande treng hjelp til å framsetje klagen skriftleg har kommunen plikt til å rettleie. Ved klage skal kommunen i første omgang gå gjennom saka på nytt og må anten endre sitt vedtak eller oppretthalde det. Ved endring av vedtak har søkjar ny klagerett. Dersom kommunen opprettheld sitt vedtak, skal saka sendast til Fylkesmannen for vidare handsaming. Fylkesmannen kan anten støtte kommunen sitt vedtak, og vedtaket er då endeleg, eller saka kan sendast attende til kommunen for ny handsaming med grunngeving. Søkjar kan og klage på utføringa av sjølve tenesta vedkomande mottek. Klaga skal sendast til instansen som utførar tenesta, slik at saka har høve til å verte løyst på lågaste nivå. Avvist klage vert sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Søknadar og oppfølging i høve rehabiliteringsopphald vert handsama på rehabiliteringsmøte i forkant av tildelingsmøte ein gong i veka. Tilstade er tilsynslege, fysioterapeut, ergoterapeut, lagleiarar og koordinator.
- Søknadar om avlastningsopphald, korttidsopphald, omsorgsbustadar og fast opphald i institusjon vert vurdert av tildelingsnemnda. Denne nemnda består av tilsynslege, lagleiarar og koordinator. Tildelingsmøtet vert helde ein gong i veka.

Søkjar skal vere den som treng hjelp. Om det er ein annan som søker skal grunnen til dette vere avklara og, om mogeleg, skal den det vert søkt for sjølv få uttale seg om sitt tenestebehov og gje fullmakt til at det vert søkt.

IPLOS skal vere utfylt av helsepersonell, jf. helsepersonelloven § 39, om plikt til å dokumentere vurderingar. Dette er eit absolutt krav.

Sakshandsamar skal dokumentere korleis brukarmedverknad er ivareteke, jf. pasient- og brukerrrettighetsloven § 3-1.

Lovgrunnlag

Helse- og omsorgstenester er underlagt fleire lover og forskrifter. Dei mest sentrale er:

- Helse- og omsorgstjenesteloven gjev kommunen plikt til å yte helse- og omsorgstenester.
- Pasient- og brukerrettighetsloven gjev pasient og brukar rett til naudsynte helse- og omsorgstenester og rett til medverknad.
- Helsepersonelloven skal bidra til tryggleik for pasient/brukar og kvalitet i helse- og omsorgstenesta.
- Folkehelseloven styrkar kommunane sitt ansvar for førebygging og helsefremjande arbeid i alle samfunnssektorar.
- Forvaltningsloven regulerer forvaltninga og gjeld for sakshandsaming der det vert fatta enkeltvedtak eller utarbeidd forskrifter.

I kvar tenesteskildring er aktuelle lovheimlar oppgjevne.

Kvalitet og omfang av teneste skal vere fagleg grunngeve, og minstestandard skal vere ut frå kriteria for kva som er naudsynt og i tråd med Kvalitetsforskriften av 2003 og Verdighetsgarantien av 2011.

Kvalitetsforskriften av 2003 og forskrift om en verdig eldreomsorg (Verdighetsgarantien) av 2011 er dei einaste forskrifter eller lover som fastset kriteria for kvalitet innan tenestene ut over kravet til kva som er forsvarleg og retten til individuell plan.

INNHEMING AV OPPLYSNINGAR, BRUK AV IPLOS

IPLOS (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk) vart vedteke 17.02.2006. Bruk av IPLOS er obligatorisk i alle kommunar. IPLOS er eit nasjonalt register med data som skildrar ressursar og bilstandsbehov til dei som søker om eller tek imot kommunale helse- og omsorgstenester.

IPLOS-kartlegginga er ein viktig del av kommunen sitt grunnlag for å innvilge eller avslå ein søknad om helse- og omsorgstenester.

For å få tildelt ei teneste skal IPLOS-score vere 3 eller meir innanfor eit eller fleire av dei områda som vert vurdert.

Omsorgstrappa og BEON-prinsippet

Omsorgstrappa er ein modell som byggjer på BEON-prinsippet (beste effektive omsorgsnivå). Det inneber at ein prøvar å etablere tiltak som i stor grad er sjølvaktiviserande og som tek utgangspunkt i pasienten/brukaren sitt eige heimemiljø.

Velferdsteknologi er brukarretta teknologi som kan støtte og forsterke brukaren sin tryggleik og mogelegheit til å vere sjølvhjelpen. Teknologi som t.d. medisineringsstøtte eller GPS kan bidra til auka livskvalitet og meistring. Teknologiske tiltak kan setjast i verk i fleire trinn i omsorgstrappa.

Trinn 0: Ikkje behov for bistand til å ivareta eigenomsorg. Førebyggjande tiltak.

Trinn 1: Tryggleiksalarm. Matombringning. Transportstøtte. Parkeringsløyve.

Trinn 2: Praktisk bistand. Praktisk bistand i bustad miljøarbeid. Støttekontakt. Følgjekort. Individuell plan. Omsorgsstønad.

Trinn 3: Heimesjukepleie. Psykisk helseteneste. Vevang dagsenter. Dagopphald i institusjon/nattopphald i institusjon. Rehabiliteringsopphald i rehab.hybel. Brukarstyrt personleg assistanse.

Trinn 4: Avlastingsopphald i institusjon eller bustad. Korttidsopphald i institusjon. Omsorgsbustad.

Trinn 5: Fast opphald i buform med heildøgns tenester. 1:1-bemanning i eigen bustad.

Beste Effektive Omsorgs Nivå (BEON), som i Stortingsmelding nr. 47 avløyste Laveste Effektive Omsorgs Nivå (LEON), tilseier at den mest kostnadseffektive løysinga - sett i eit samfunnsperspektiv - er å til ei kvar tid velje det trinn i omsorgstrappa som er best ut frå pasienten/brukaren sitt behov og kostnadar i samfunnet. Som oftast vil det bety lågast mogeleg trinn, under føresetnad av at pasienten ikkje har utvikla eit omfattande hjelpebehov. Dess tidlegare ein kjem inn med eit lågterskeltilbod, dess mindre sannsynleg er det at ein treng å utløyse dei verkeleg kostnadskrevjande tiltaka øvst i omsorgstrappa. Dette inneber at Fjaler kommune må arbeide aktivt for å styrke tiltaka på dei lågaste trinna. Det er viktig å vere klar over at brukarane ofte er på fleire trinn av omsorgstrappa samstundes, og har behov for ulike kombinasjonar av tenester.

ARBEIDSFORHALD I HEIMETENESTA

Det er mange utfordringar når det gjeld arbeidsmiljø i heimebaserte tenester. Arbeidsmiljøloven og HMS-forskrifta gjeld for alle som utfører arbeid i brukar sin heim, og det er viktig å fokusere på at kvalitet i tenesteutføringa heng nært saman med gode arbeidsforhold.

«*Arbeidsmiljø i hjemmetjenesten – en veileder*» er eit godt verktøy. Denne er utgitt av Helsedirektoratet. Veilederen fins og på internett.

BISTAND OG OMSORGSTENESTER I FJALER KOMMUNE

Kriterier for helse- og omsorgstenestene er førande for tildeling av tenester og skildrar innhaldet i tenestene.

TRYGGLEIKSALARM

Skildring av tenestetilbod:

Tryggleiksalarm kan verte tildelt den som har behov for å kunne tilkalle hjelp på ein enkel og trygg måte, og som ikkje har høve til å tilkalle hjelp på anna vis. Tryggleiksalarman er knytt til Alarmsentralen i Sogn og Fjordane (Florø). Ved bruk av tryggleiksalarman tek Alarmsentralen kontakt med heimetenestene, som igjen tek kontakt med brukar og reiser ut til vedkomande dersom det er naudsynt.

Tenesta omfattar:

- Montering og oppkopling av alarm mot alarmsentral
- Service og vedlikehald av alarm
- Mogelegheit for tilkobling av anna type velferdsteknologi

Målgruppe:

Eldre og personar med funksjonshemming og andre som har vanskar med å tilkalle hjelp på andre måtar.

Kriterie/vilkår:

Tryggleiksalarm er ei lågterskelteneste. Tildeling av tryggleiksalarm skjer ut frå ei totalvurdering av brukar sitt behov for tryggleik.

For å få tildelt tryggleiksalarm må brukar vere fysisk og mentalt i stand til å nytte alarman. Heimetenestene må få tilgang til nøkkel.

Tryggleiksalarman er kobla mot mobilnettet. Eige SIM-kort er knytt til kvar einskild alarm. Fasttelefon eller mobiltelefon er såleis ikkje påkrevd for å nytte tryggleiksalarm, men det er ønskeleg at ein har ein av delane.

Regelverk:

Tryggleiksalarm er ikkje ei lovpålagt teneste.

Pris for tenesta:

Satsar vert fastsett av kommunestyret. For 2018 er prisen 250 kroner per månad. For den som vert tildelt tryggleiksalarm som erstatning for tilsyn frå heimetenesta vil det ikkje bli fakturert eigenandel, jf. Rundskriv I-6/2006.

MATOMBRINGING

Skildring av tenestetilbod:

Heimebuande som ønskjer det, kan få levert middag. Middagen vert levert kald, vakuump- og porsjonspakka, merka med haldbarheitsdato og klar til oppvarming. Oppvarminga er enklast i mikrobølgeovn.

Tenesta vert bestilt ved mottakskontoret og køyrd ut frå institusjonskjøkkenet to gongar i veka. Matombringning er ei betalingsteneste. Tal middagar i veka er valfritt, men må avtalast på førehand.

Målgruppe:

Eldre eller funksjonshemma som bur heime og treng bistand til å ivareta eit variert og sunt kosthald, eller har behov for naudsynte diettar.

Kriterie/vilkår:

Matombringning er eit tilbod som alle eldre og/eller personar med funksjonshemming kan nytte seg av.

Regelverk:

Matombringning er ikkje ei lovpålagt teneste.

Pris for tenesta:

Sjå kommunale betalings-satsar. Pris for tenesta vert fastsett av kommunestyret. Tenesta vert fakturert på etterskot kvar månad.

TRANSPORTSTØTTE

Skildring av tenesta:

Tilrettelagt transport er eit tilbod om alternativ transport for personar som grunna nedsett funksjonsevne eller sjukdom, ikkje kan nytte kollektivtransport. Kortet kan nyttast over kommune- og fylkesgrensene.

Kriterier/vilkår:

Fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting som gjev utfordringar i høve forflytting. Utfordringa må ha minst eit års varigheit. Behov skal vere dokumentert med legeattest.

Målgruppe:

Personar med nedsett forflyttingsevne av lengre varigheit.

Regelverk:

Det er ikkje lovfesta individuell rett til transportstøtte.

Pris:

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for transportstøtte.

PARKERINGSLØYVE:

Skildring av tenesta:

Innvilga parkeringsløyve gjev rett til å parkere på parkeringsplassar merka for funksjonshemma.

Kriterier/ vilkår:

Tildeling av parkeringsløyve krev legeattest som dokumenterer at evna til forflytting er sterkt redusert grunna varig funksjonshemming/sjukdom.

Målgruppe:

Personar som har utfordringar knytt til å bevege seg over lengre strekningar, kan ha rett til parkeringsløyve for rørslehemma.

Rørslehemma personar som kan dokumentere behov gjennom legeattest. Det er ikkje krav om eige sertifikat eller bil for å kunne søkje om parkeringsløyve.

Regelverk:

Forskrift om parkeringstillatelse for personar med forflyttingshemming.

Pris:

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for parkeringsløyve.

—

PRAKTISK BISTAND

Skildring av tenestetilbod:

Tenesta vert ytt til den som grunna mellombels eller varig nedsett funksjonsnivå, har behov for praktisk bistand i heimen.

Målgruppe:

Praktisk bistand kan tildelast den som er heilt avhengig av hjelp til reingjering eller handling og/eller opplæring for å ivareta daglege gjeremål.

Praktisk bistand omfattar:

- Naudsynt reinhald av rom i dagleg bruk
- Klesvask
- Handling av matvarer ein gong i veka etter handleliste. Brukar kan opprette konto hjå næraste daglegvarebutikk.
- Matlaging (tørrmåltid eller varming av middag frå matombringning)

Praktisk bistand omfattar ikkje:

- Vask av vindauge, skifte av gardiner eller storreingjering.
- Risting av (store) golvteppe
- Klevask for hand
- Pussing av sølv, kopar og messing
- Hagearbeid, snømoking eller vedbering
- Hjelp til flytting
- Heilvask/nedvask av bustad
- Handling saman med brukar

Utstyr som skal finnast i heimen til den som mottek praktisk bistand:

- Vaskebøtter, mopp, klutar og oppvaskkost
- Toalettrest
- Naudsynte vaskemiddel
- Støvsugar som fungerer tilfredsstillande
- Vaskemaskin og tørketrommel eller kle-stativ
- Handsåpe og tørkepapir

Kriterie/vilkår:

Tildeling av praktisk bistand vert vurdert med utgangspunkt i kartlegging av funksjonsnivå (IPLOS). Det vert særleg lagt vekt på evne til å ivareta eigenomsorg og daglege gjeremål i bustaden. Ved tildeling av praktisk bistand skal ein ta omsyn til husstanden sin samla situasjon.

Regelverk:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6b

Pasient- og brukerrrettighetsloven § 2-1 a

Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester, kap. 2

Pris for tenesta:

Eigenandel vert rekna ut frå samla inntekt i husstanden. Pasient/brukar betaler for dei timane vedkomande faktisk får hjelp, avgrensa oppover til ei månadleg betalingsgrense etter inntekt. Dersom vedkomande ikkje er heime til avtale om praktisk bistand vert timen fakturert med mindre timen er avbestilt 24 timar før eller avlysinga skuldast legebesøk.

Dersom timar med praktisk bistand fell på bevegleg helligdag, kan ikkje brukar rekne med å få timane erstatta. Desse timane vert heller ikkje fakturert. Tenesta vert fakturert på etterskot kvar månad.

PRAKTISK BISTAND I BUSTAD MILJØARBEID

Skildring av tenestetilbodet

Tenesta skal styrke og/eller kompensere for eigen meistring i å ivareta eigenomsorg og daglege gjeremål. Tenesta skal bidra til at den einskilde får høve til å leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meningsfullt tilvere i fellesskap med andre. Tenesta vert utforma individuelt og består av følgjande element:

- Personleg- og praktisk bistand
- Opplæring

Målgruppe

Personar med utviklingshemming som bur i eigen bustad.

Kriterie/vilkår

Det er eit vilkår at tenestemottakar deltek aktivt i utføring av gjeremåla.

Regelverk

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6b

Pasient- og brukerrrettighetsloven § 2-1 a

Pris

Det vert ikkje kravd eigenandel for praktisk bistand i bustad miljøarbeid.

STØTTEKONTAKT

Skildring av tenestetilbod:

Bistand til å få ei aktiv fritid eller komme ut av isolert tilvære. Støttekontakta kan tilby sosialt samvær og følgje til ulike typar fritidsaktivitetar. Innhaldet i tenesta vert tilpassa ønskjer og behov hos tenestemottakar.

Tenesta støttekontakt kan verte organisert som treningskontakt der formålet er å styrke mogelegheita for fysisk aktivitet.

Målgruppe:

Personar med langvarige behov for bistand til å ha ei meningsfylt fritid.

Kriterier/vilkår:

Tildeling av støttekontakt vert vurdert med utgangspunkt i kartlegging av funksjonsnivå (IPLOS) og søkjar må vere motivert for å nytte tenesta.

Pris:

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for støttekontakt.

FØLGJEKORT

Skildring av tenesta:

Følgjekort skal gje følgjepersonen gratis inngang til kollektivtransport og ulike aktivitetar. Korteigar betalar gjeldande billettpris. Kortet kan nyttast over kommune- og fylkesgrensene. Dei som får innvilga følgjekort kan bruke kortet på alle buss- og båtruter i Sogn og Fjordane, inkl. ekspressruter og langruter. På ruter som går over fylkesgrensa gjeld følgjekortet kun fram til fylkesgrensa.

Per 2018 gjeld følgjekort på desse stadane i Fjaler kommune:

- Treningssenteret i Fjalerhallen
- Haugland rehabiliteringssenter
- Fjaler kino

Kriterier/ vilkår:

Brukar må ha eit dokumentert behov for følgje til aktivitetar.

Målgruppe:

Personar med fysisk/psykisk funksjonshemming eller andre dokumenterte helseutfordringer som har trong for følgje på reiser eller ved deltaking på ulike kultur- og fritidsaktivitetar.

Regelverk:

Forvaltningsloven

Pris:

Det er ikkje kravd eigenbetaling for følgjekort.

INDIVIDUELL PLAN

Skildring av tenestetilbod

Ein utarbeidd individuell plan for personar med samansette og langvarige tenester. Planen skal gje ein oversikt over tenestemottakaren sine mål, ressursar og behov for

tenester, og kven som deltek i arbeidet med planen. Planen skal utformast i samarbeid med tenestemottakar. Individuell plan skal vere eit levande dokument med ein fastsett planperiode og hyppige evalueringar.

Målgruppe

Personar som over tid mottok tenester frå fleire tenesteytarar og som har behov for hjelp til å styrke samhandlinga.

Kriterier/vilkår

Rett til individuell plan vil sei at tenestemottakar har rett til ein plan som samanfattar vurderingar av behov og tiltak, og som angir eit heilskapleg og grunngjeve tenestetilbod. Oppretting av individuell plan skjer etter søknad.

Pris

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for individuell plan.

Regelverk

Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-1
Pasient- og brukerrrettighetsloven § 2-5

OMSORGSSTØNAD

Skildring av tenestetilbod:

Omsorgsstønad kan verte innvilga til den som har eit særlig tyngjande omsorgsarbeid over lengre tid. Omsorgsstønad kan erstatte naudsynte omsorgsoppgåver eller anna praktisk bistand i heimen som ein elles ville fått innvilga bistand til. Det er bistand og omsorg som avgjer om søkjar skal få innvilga omsorgsstønad og kor høg stønaden skal vere. Ordninga tek ikkje sikte på å gi stønad for kvar arbeidstime.

Målgruppe:

Den som har særleg tyngjande omsorgsarbeid over lengre tid.

Kriterie/vilkår:

Tildeling av omsorgsstønad tek utgangspunkt i ei vurdering av kor omfattande omsorgsarbeidet er.

Ved tildeling av omsorgsstønad vert det lagt særleg vekt på:

- Kor omfattande omsorgsarbeidet er
- At dei heimebaserte tenestene ikkje klarar å dekkje pasient/brukar sitt behov på ein måte som er til beste for han eller henne.
- Om omsorgsarbeidet inneber oppgåver på natt eller avbrot i nattesøvnen
- At omsorgsarbeidet kan føre til sosial isolasjon og mangel på fritid
- At omsorgsarbeidet skjer i eigen heim
- At omsorg frå omsorgsytar er til beste for pasient/brukar sett opp mot andre tenestetilbod.
- Relevant dokumentasjon av nyare dato frå lege.
- Bistand og omsorg krev at søkjar av omsorgsstønad fremjar søknad om hjelpstønad til NAV før søknad om omsorgsstønad vert handsama.

Regelverk:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6
Pasient- og brukerrrettighetsloven § 2-1 a

HEIMESJUKEPLEIE

Skildring av tenestetilbod:

Heimesjukepleie er bistand og omsorg til sjuke og/eller funksjonshemma som bur i eigen heim. Heimesjukepleie skal bidra til at innbyggjarane i Fjaler kan bu heime så lenge det er forsvarleg.

Heimesjukepleie kan omfatte:

- Rettleiing, kartlegging
- Tilsyn, telefonoppfølging
- Hjelp til av- og påkledning
- Hjelp til personleg hygiene
- Hjelp til dusj/hårvask
- Hjelp til fotstell når det føreligg medisinske grunnar
- Skifte av sengetøy
- Administrering av medikament, gje medisin, injeksjonar
- Velferdsteknologi
- Sårstell
- Andre sjukepleiefaglege prosedyrar
- Rehabilitering i eigen heim / kvardagsrehabilitering
- Oppfølging av plutselig eller kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetting
- Oppfølging av psykisk helse
- Omsorg ved livets slutt

Målgruppe:

Alle som har akutt eller kronisk sjukdom/funksjonssvikt og som oppheld seg i Fjaler kommune.

Kriterie/vilkår:

Tildeling av heimesjukepleie vert vurdert ut frå kartlegging ved heimebesøk og IPLOS-score der evna til eigenomsorg og eigen helsetilstand vert særleg vektlagt.

Velferdsteknologi er brukarretta teknologi som skal støtte og styrke brukar sin tryggleik og meistring, brukarmedverknad og livskvalitet. Velferdsteknologi kan bidra til at brukar kan bu lenger i eigen heim. Teknologien skal ikkje erstatte menneskeleg kontakt, men vere eit supplement til helsetenester.

Regelverk:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6a.
Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a

Pris for tenesta:

Det vert ikkje kravd eigenandel for heimesjukepleie.

PSYKISKE HELSETENESTER

Skildring av tenestetilbodet

Psykisk helseteneste er ei teneste til menneske som av ulike årsaker har det vanskeleg. Det vere akutte kriser, vanskelege livssituasjonar, langvarige psykiske lidningar eller andre

undefinerte årsaker som gjer at ein treng psykisk helsehjelp.

Tenesta kan mellom anna tilby:

- Informasjon og rettleiing i høve psykisk helse
- Kartlegging av situasjonen
- Individuelle samtaler
- Hjelp til å organisere kvardagen

Målgruppe

Heimebuande som har behov for oppfølging i høve psykisk helse.

Kriterie/vilkår

Tenesta ut hjelp ut frå individuelle behov, resursar og mål. Målsetjinga for tenesta er å styrke evna til å verte sjølvstendig og kunne meistre eige liv.

Pris

Det vert ikkje kravd eigenandel for psykiske helsetenester.

Regelverk:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6a.
Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a

VEVANG DAGSENER

Skildring av tenestetilbod:

Individuelt tilrettelagt aktivitetstilbod på dagtid.

Målgruppe:

Personar med utviklingshemming.

Kriterie/vilkår:

- Brukar må sjølv vere motivert for å nytte dagsenteret

Regelverk:

Dagtilbod er ikkje ei lovpålagd teneste, men kan ymast for å dekke eit hjelpebehov som gjer rett til tenesta etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt c og d og Pasient- og brukerrettighetsloven kap. 2.

Pris for tenesta:

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for opphald på Vevang dagsenter.

DAGOPPHALD I INSTITUSJON/NATTOPPHALD I INSTITUSJON

Skildring av tenestetilbod:

Fjaler kommune har tilbod om dagopphald ved Fjaler sjukeheim til eldre og/eller funksjonshemma som treng bistand til aktivisering og sosial deltaking. Dagsenteret er bemanna med aktivitør.

Det kan og verte innvilga nattopphald på institusjon i kortare periodar. I slike tilfelle vil

det ut frå individullebehov verte vurdert om tenesta skal ytast som nattopphald eller avlastingsopphald i institusjon.

Målgruppe:

Eldre og/eller funksjonshemma som av ulike årsaker har behov for å delta i sosiale aktivitetar og treningsgrupper eller i ein kortare periode har behov for trygging på natt. Rehabiliteringspasientar med behov for tilrettelegging av aktivitetar.

Kriterie/vilkår:

- Brukar må sjølv vere motivert for å nytte dag-eller nattopphald

Regelverk:

Dagtilbod er ikkje ei lovpålagd teneste, men kan ytast for å dekke eit hjelpebehov som gjer rett til tenesta etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt c og d og Pasient- og brukerrrettighetsloven kap. 2.

Pris for tenesta:

Kommunen krev vederlag av brukaren jf. satsar fastsett i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Måltid er inkludert i tenesta.

REHABILITERINGSOPPHALD I REHAB.HYBEL

Skildring av tenestetilbod:

Bistand og omsorg har to rehabiliteringshyblar på Fjaler sjukeheim, to rehabiliteringshyblar i Naustmyra og ein rehabiliteringshybel i Løvollen.

Rehabiliteringshyblane har eit tekjokken med høve til å lage eigen mat. Det er høve til å søkje om dagopphald på sjukeheimen. Hyblane på sjukeheimen er tilrettelagt for ulike typar velferdsteknologi

Målgruppe:

Rehabiliteringshyblane vert prioritert til brukarar med eit definert behov for rehabilitering og/eller oppretthalding av funksjonsnivå.

Regelverk:

Rehabilitering er ei lovpålagt teneste etter:
Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 5
Pasient- og brukerrrettighetsloven kap. 2-1 a

Pris:

Døgnpris for opphald vert fastsett etter kommunale satsar.

BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE (BPA)

Skildring av tenestetilbod:

Brukarstyrt personleg assistanse er ei alternativ organisering av praktisk og personleg bistand for personar med sterk funksjonshemming som har behov for tenester i

dagleglivet, både i og utanfor heimen. Brukar/arbeidsleiar tek på seg ansvar for organisering og innhald i tenesta. Brukarstyringa skal føre til ei betre ressursutnytting, fleksibilitet og kvalitetssikring i tenesta. Målet skal vere at brukaren får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv trass sterk funksjonshemming.

Målgruppe:

- Brukar med langvarige, samansette og omfattande tenestebehov
- Brukar kan ha rolla som arbeidsleiar. Eventuelt kan ein annan person ivareta denne rolla.
- Brukar som har innsikt i eigen situasjon og ressursar til å oppretthalde eit aktivt liv i og utanfor bustaden
- Familiar med barn som er funksjonshemma

Kriterie/vilkår:

Tildeling av BPA tek utgangspunkt i kartlegging av funksjonsnivå (IPLOS). Særleg vert evna til å ivareta eigenomsorg, praktiske gjeremål og eit aktivt og meningsfylt liv i samvær med andre vektlagd.

Pris:

Eigenandel vert rekna ut frå samla inntekt i husstanden på same måte som for praktisk bistand.

Regelverk:

Kommunen har plikt til å tilby brukarstyrt personleg assistanse, jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-8. Kommunen avgjer sjølv, innan lova sine rammer, kva tenester den einskilde brukar skal få tilbod om, og i kva grad tenestene skal organiserast som brukarstyrt personleg assistanse. Det er viktig å påpeike plikta kommunen har etter Pasient- og brukarrettighetsloven § 3-1 andre ledd, samt Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6, til å rådføre seg med brukar og legge stor vekt på brukar sine synspunkt.

Ordninga må ta omsyn til Helse- og omsorgstjenesteloven sitt formål, jf. § 1-1 nr. 3, som er å bidra til at den einskilde får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre.

Døme på rettleiing i sakshandsaming av søknad om BPA:

NN er 78 år, dement, pleietrengande, heimebuande. Gift med XX, 81 år. NN tilfredsstiller krav til praktisk bistand og heimesjukepleie. XX søker om BPA for NN. XX ønsker å drifte ordninga for NN saman med sonen YY. YY er trygda. Utover BPA ønsker ikkje YY at kommunen skal ha noko særleg kontakt med NN. Dei ønsker ikkje dagopphald eller avlastning. Ved å velge BPA med ektefelle og son som arbeidsleder, utan innsyn i opplegget frå kommunen si side, er NN overlatt til sin familie med underhold frå kommunen som kommunen ikkje kan kontrollere. Det er truleg ikkje ei god løysing verken for NN eller kommunen. NN er ikkje funksjonshemma, kan ikkje vere arbeidsleiar og det er ikkje openbart at BPA vil gje henne ein aktivt og meningsfylt liv i samvær med andre, jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 1-1 punkt 3. Avslag.

NN er 44 år, gift, 2 barn i skulealder. Har MS, er rullestolbruker og har heimekontor i redusert stilling. Mottar heimesjukepleie og praktisk bistand. Søker om BPA. NN er funksjonshemma, har eit aktivt liv og vil vere i stand til å vere arbeidsleiar. BPA vil kunne føre til at han og familien vil oppleve å ha eit aktivt og meningsfylt liv i samvær med andre. Vert innvilga.

NN er 19 år, funksjonshemma med hemiparese og inkontinens. Går på høgskule, ønsker å bu aleine, har hittil vorte stelt av mor og far. Tilfredsstillar krav til heimesjukepleie og praktisk bistand. Søkjer BPA. Denne ordninga vil gjere kvardagen hans lettare, særlig i høve stell før skule og fritidsaktivitetar/feriar. Det vil gje mogelegheit for eit aktivt og meningsfylt liv. Vert innvilga.

AVLASTING

Skildring av tenestetilbod:

Avlasting er ei teneste retta mot pårørande eller andre som har særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Føremålet med avlastingstiltaket er å syte for at omsorgsytar får naudsynt fritid og ferie, og bidra til at den omsorgstrengjande skal kunne bu heime så lenge som mogeleg.

Avlasting kan ytast både i private heimar eller som korttidsopphald på sjukeheim eller i avlastingsbustad. Avlastingsopphald i institusjon kan ved behov verte tildelt som rullerande opphald med fastsette datoar i ein tidsavgrensa periode.

Andre tenester, til dømes praktisk bistand i heimen, støttekontakt og dagtilbod kan også verte tildelt som avlasting.

Det er viktig at tilbodet er tilpassa den einskilde sitt behov.

Avlasting kan omfatte:

- Heildøgns pleie og omsorg i tidsavgrensa periode i institusjon
- Avlasting i eigen eller annan privat heim eller avlastingsbustad
- Andre tenester, t.d. praktisk bistand i heimen, støttekontakt og dagtilbod

Avlastingsopphald omfattar ikkje:

- Medisinar og medisinsk utstyr. Dette må brukar ta med til avlastingsopphaldet
- Fotpleie
- Frisør

Målgruppe:

Den som har særleg tyngjande omsorgsoppgåver for eldre, funksjonshemma og/eller andre omsorgstrengjande.

Kriterie/vilkår:

Tildeling av avlasting tek utgangspunkt i ei kartlegging av brukar sitt behov for bistand (IPLOS) og ei vurdering av om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande. Ved tildeling av avlastingsopphald i institusjon må den omsorgstrengjande vere heilt avhengig av hjelp frå omsorgsytar for å kunne bu i eigen heim. Søknad kan kome både frå brukar og den som har behov for avlasting.

Ved tildeling av avlastning vert det lagt særleg vekt på:

- Kor omfattande omsorgsarbeidet er
- Om omsorgsarbeidet inneber oppgåver på natt eller avbrot i nattesøvnen
- At omsorgsarbeidet skjer i eigen heim
- At omsorg frå omsorgsytar er til beste for brukar sett opp mot andre tenestetilbod

Regelverk:

Dette er ei lovpålagt teneste etter:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt c og d

Pasient- og brukerrettighetsloven kap. 2-1

Pris for tenesta:

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for avlastning.

KORTTIDSOPPHALD I INSTITUSJON

Skildring av tenestetilbod:

Korttidsopphald i institusjon kan verte tildelt dersom søkjar i ein kortare periode har behov for heildøgns bistand og omsorg. Opphaldet skal ha ei klart definert målsetjing.

Korttidsopphald kan omfatte:

- Rehabilitering
- Medisinsk behandling og pleie ved sjukdom der pasienten ikkje har behov for eller ønskjer å vere på sjukehus
- Vurdering av tilstand og funksjonsnivå med tanke på behandling, tiltak og framtidig omsorgsbehov
- Etterbehandling etter sjukehusopphald
- Pleie og omsorg ved livets slutt

Korttidsopphald omfattar ikkje:

- Fotpleie (om det ikkje er medisinsk begrunna)
- Frisør

Målgruppe:

Personar som i ein periode har nedsett helsetilstand og eit stort behov for bistand før vedkomande kan skrivast ut til heimen.

Kriterie/vilkår:

Tildeling av korttidsopphald vert vurdert med utgangspunkt i kartlegging av funksjonsnivå (IPLOS), der det vert lagt særleg vekt på å ivareta eigenomsorg og helsetilstand. Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert prioritert.

Regelverk:

Dette er ei lovpålagt teneste etter:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 c

Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a
Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie

Pris for tenesta:

For dei første 60 korttidsdøgn i kalenderåret vert pasienten fakturert etter satsar fastsett av departementet. Når pasienten overstig 60 døgn i institusjon innan eit kalenderår kan kommunen krevje vederlag etter *forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester § 4*.

OMSORGSBUSTAD

Skildring av tenestetilbod:

Bustad som er tilpassa rørslehemma og tilrettelagt slik at bebuaren skal kunne motta helse- og omsorgstenester etter behov. Bebuar betaler husleige og mottek tenester på same vilkår som for andre heimebuande.

Omsorgsbustad omfattar:

- Leige av bustad
- Individuelt tilpassa tenestetilbod på lik line med andre heimebuande

Omsorgsbustad omfattar ikkje:

- Møblar
- Dekking av utgifter til straum, telefon og forsikring av innbu

Målgruppe:

Personar med varig nedsett helsetilstand som ikkje kan bu i eigen bustad med tilrettelagde tenester.

Kriterie/vilkår:

Tildeling av omsorgsbustad vert vurdert med utgangspunkt i kartlegging av funksjonsnivå (IPLOS), der evna til å ivareta eigenomsorg og behov for nærleik til helse- og omsorgstenestene vert særleg vektlagt. Før omsorgsbustad vert tildelt skal det vere vurdert om det er mogeleg å leggje til rette for at brukar kan halde fram med å bu i eigen heim med forsvarlege tenester.

Regelverk:

Omsorgsbustad er ikkje ei lovpålagt teneste. Opphald i omsorgsbustad vert regulert gjennom husleigekontrakt, jf. lov om husleieavtaler. Tildeling av omsorgsbustad er eit enkeltvedtak med dei rettar og plikter som følgjer av forvaltningslova. Eventuell klage på tildeling av omsorgsbustad vert handsama i kommunen si klagenemnd. Fjaler kommune har ikkje ventelister på omsorgsbustad. Ledige omsorgsbustadar vert tildelt etter behov.

Pris for tenesta:

Bebuar betaler husleige som avtala i husleigekontrakt.

Forskrift for fast opphald i sjukeheim er politisk vedteke og gjeld frå 01.07.2017.

Fast opphald i sjukeheim – kriterier og ventelister, Fjaler kommune.

Kriterier for fast opphald i sjukeheim – kriterier og ventelister, vart politisk vedteke i juni 2017.

§1 Føremål

Gjere tydeleg retten til sjukeheimplass.

§2 Virkeområde

Forskrifta gjeld for personer som bur eller oppheld seg i Fjaler kommune.

Forskrifta gjeld for tildeling av heildøgns pleie og omsorg i sjukeheim, fast opphald.

§3 Definisjonar

I forskrifta her meiner ein

a) heildøgns pleie og omsorg: tenester som dekker pasient/brukar sine behov gjennom heile døgnet. Det skal vere personell til stades som raskt kan komme ved tilkalling.

b) fast opphald: opphald utan sluttdato der pasient/brukar sin helsetilstand og behov for helse- og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande vil flytte heim eller få tilbod om lågare grad av helse- og omsorgstenester.

Venteliste fast opphald i sjukeheim:

Kommunen si oversikt over dei pasientar/brukarar som etter søknad har fått vedtak om at dei fyllar krava til fast opphald i sjukeheim, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i vente av fast opphald. Fast opphald vert alltid tildelt ut frå behov og ikkje etter plassering på ventelista. Slik er ventelista ikkje rekna som ei kø-ordning, og plass på ventelista gjev ikkje fortrinnsrett til ledig plass på sjukeheim, jf. §7.

§4 Generelt om tildeling fast opphald i sjukeheim

Fast opphald i sjukeheim er eit høgre omsorgsnivå enn helse- og omsorgstenester i heimen.

Kommunen skal samhandle med pasient og brukar, og eventuelt dei pårørande /verje i tildelingsprosessen.

Følgjande må vere utgreidd før ein søknad om langtidsopphald kan verte vurdert:

Pleie – og omsorgsbehov

Svikt i eigenomsorg grunna demens

Andre relevante tiltak

tilrettelegging i heimen, t.d. hjelpemiddel

tryggleiksskapande tiltak, tryggleiksalarm og velferdsteknologi

dagtilbod eller andre sosiale støttetiltak

moglegheit for auke i heimetenester

omsorgsbustad

tidsavgrensa opphald i institusjon, korttids- eller avlastingsopphald

familieforhold og nettverk

oppdatert pasient- og brukarinformasjon frå tenesteytarar innan helse og omsorg

oppdaterte helseopplysningar frå fastlege og spesialisthelseteneste.

§5 Kriterier for opphald i institusjon

Pasient/brukar er varig ute av stand til ta vare på seg sjølv og meistrer ikkje lenger daglege gjeremål grunna fysisk eller psykisk funksjonstap.

Pasient/ brukar må ha eit omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester. Det er ikkje mogleg å dekke dei daglege behov for helsetenester, pleie og omsorg på eit forsvarleg nivå i eigen heim.

Det må ligge føre oppdatert dokumentasjon som skildrar funksjonsnivå ved hjelp av IPLOS og andre relevante opplysningar om pasient/brukar sitt behov for hjelp.

Under omfattande behov inngår ei totalvurdering av funksjonsnivået og evna til eigenomsorga til pasient/brukar, mellom anna i høve:

Samansett sjukdomsbilete

Kognitiv svikt og /eller langkomen demens

Alvorleg fallrisiko / immobilitet

Alvorleg svekka ADL-funksjon (t.d. personleg hygiene, toalettbesøk)

Hypelige innleggingar i spesialisthelsetenesta (sjukehus)

Fast opphald skal ikkje tildelast utan at alle andre alternative tenester er vurdert, prøvd ut eller ikkje funne føremålstenelege.

§6 Rett til vedtak

Kommunen kan fatte vedtak om avslag på søknad om fast opphald i sjukeheim. Eit avslag må vere grunna i at pasient/brukar med omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester bur heime med forsvarleg hjelp i vente av fast opphald på sjukeheim.

Vedtaket skal opplyse om vedkomande fyllar kriteria for fast opphald i sjukeheim, og om han/ho vert satt opp på venteliste for fast opphald.

Pasient/brukar har rett til å klage over vedtak om avslag på sjukeheim og plass på venteliste for fast opphald, jf. Pasient- og brukerrettighetsloven §2-7 andre ledd og § 7-2.

§7 Ventelister fast opphald i sjukeheim

Pasient/brukar som har fått vedtak om at han/ho fyller kriteria for fast opphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i vente av fast opphald på sjukeheim, skal først på kommunen si venteliste for fast opphald.

Ved kvar tildeling av fast opphald, skal kommunen vurdere det individuelle behovet til nye søkjarar og alle som står på kommunen si venteliste for fast opphald.

Kommunen si venteliste for fast opphald i sjukeheim gir ingen fortrinnsrett til fast opphald, og seinare tilkomne søkjarar vil kunne få plass først dersom deira behov vert vurdert som større.

§8 Oppfølging av ventelister for fast opphald i sjukeheim

Pasient/brukar som står på kommunen si venteliste for fast opphald skal kontinuerleg vurderast ut frå behovet for å få tildelt fast plass.

Kommunen sine rutinar skal sørge for at pasient/brukar på venteliste har naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei ventar på tildeling av fast opphald.

Kommunen skal ha ei systematisk og fortløpande vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til pasient/brukar på venteliste for å fange opp eventuelle endringar i helsetilstand og funksjonsnivå.

§9 Gyldig frå

Forskrifta gjeld frå 1.juli 2017.